



Daud krill i belte på over 100 meter er truleg ei naturleg hending og ikkje menneskeskapt ved giftutslepp.

Store mengder daud krill i eit belte på over 100 meter farga stranda på Rødsvågen raud. Gullborg Søvik frå Havforskinga fortel at slike hendingar ikkje er uvanlege langs kysten. Det vert i snitt rapportert inn daud krill i slike mengder fire gonger i året. Ein er ikkje sikre på årsaka, men det er sjeldan ein ved prøve finn gift i krill.

Krill skil seg frå reke ved at krill manglar den typiske knekken på eit av haleledda. Storkrill vert om lag 45 med mer lang. Det er eit uvanleg, men gamlat naturfenomen at krill strandar på denne måten. Ei årsak kan vera at krill har ein såkalla døgmigrasjon i store stimar, noko som vil sei at krillen flyttar seg frå dupna til overflata om natta. Stimen kan så bli fanga av tidevatn og straumar og ført opp i stranda.

Det vert synt til ei liknande hending frå Vefs kommune på Nordlandskysten der ein også prøvde å samla inn biologiske data for kva art, storleik og kjønn krillen hadde. Det er sjeldan ein finn spor av gift.

Daud krill i mengder som på Rød utgjer ingen fare for bestanden.

Havforskinga har trass dette, som er skrive her, vore inne og registrert nærliggjande oppdrettsanlegg og avlusing. Ikkje noko anlegg har drive med avlusing i den aktuelle tida. Brønnbåtar med fisk til slaktemerd går midtfjords i Hardangerfjorden, ikkje i Storsund.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Reidun Alvsaker